



Odda vidaregåande skule  
Postboks 2013

5751 ODDA

Dato: 20.06.2014  
Vår ref.: 2014/12603-38  
Saksbehandlar: borliil  
Dykkar ref.:

## Søknad om midlar til oppstart av kveldskurs i Helsearbeidarfag

Vi viser til søknad frå skulen av 09. mai 2014.

Opplæringsavdelinga har handsama søknaden og stiller timane til rådvelde avhengig av innmelding av deltakarar.

Skulen må gjennomføra opplæringa som vaksenopplæring etter opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Desse peikar m.a. på retten til opplæring tilpassa vaksne med rett til vitnemål eller kompetansebevis i høve til fullført opplæring.

Skulen har ansvar for inntak av kandidatane og for å gje desse god og tidsrett informasjon om skuleplass og opplæringstilbod. Dersom det vert ledige plassar i opplæringa kan skulen ta inn vaksne utan vaksenrett, jf. elles f § 6-49 i opplæringslova.

Kandidatane skal vera registrerte i VigoVoksen. Likeeins skal CV registrerast og kandidatane skal vurderast på faga.

Samla kostnad for opplæringa: Kr. 302.239 som fordeler seg slik:

1 klasse Helsearbeidarfag. Timetal: 304 á 45 min. Timepris: Kr. 967,11 inkl. sos. kostnader.  
Kveldstillegg: Kr. 27,10 pr. time inkl. sos. kostnader.

Deltakarliste bes sendt inn når denne er klar.

Skulen varslar eventuelle avvik i føresetnader og gjennomføring av tiltaket i tildelinga.

Linda Farestveit  
leiar seksjon skule

Borgny Lilleøren  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*